



NGIR
Kjevikdalen
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4515 - 15/3676

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
17.02.2015

Ferdigattest - gbnr 188/191 Gjervik ytre - tomannsbustad

**Tiltakshavar/
ansvarleg søker:** Reigstad Bygg og Eigedom AS, 5914 Isdalstø

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søker/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.12.2013.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.02.2015.

Skildring

Adresse:	Stallane 27A og 27B
Bygningstiltak:	Tomannsbustad, vertikaldelt
Bygningsnummer:	300458501 (27A) og 300458521 (27B)
Bruksareal:	150 m ² pr. bustad
Avlaup:	Offentleg kloakk
Vatn:	Kommunalt vassverk
Tal på røykløp:	2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tomannsbustad på gnr. 188, bnr. 191. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen



er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

NGIR	Kjevikdalen	5956	HUNDVIN
Reigstad Bygg og Eigedom AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ